

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde

SAKSHANDSAMAR: PETER C. A. KÖLLER – SAKSNR.: 2014/501 – DATO: 26.08.2014

MØTEPROTOKOLL 22.08.14

Sakene: 2014/21 – 2014/25
Møtestad: Kommunehuset i Seljord
Dato: 22.08.14
Tidspunkt: 10:00 - 13:00

Følgjande medlemmer deltok:

Solveig Sundbø Abrahamsen
Sven Tore Løkslid
Steinar Bergsland
Bjørn Skinnarland

Følgjande varamedlemmer deltok:

Edvard Mæland

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Gunhild Lurås

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Peter C. A. Köller, ref.

Solveig Sundbø Abrahamsen
Leiar

Godkjenning av møteprotokoll:

S 2014/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

S 2014/22 Underskriving av protokoll 26.06.14.

Protokollen vart underskriven.

S 2014/23 Søknad om diverse tiltak på Kråkeroe, gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune, Trygve Aasan.Sakshandsamars framlegg til vedtak:

1.

Verneområdestyret gjev ikkje Trygve Aasan rammetillating til å byggje serveringsbygg på maksimalt 100 kvm, og overnattingsbygg på inntil 65 kvm. Grunngevinga er at bygga kommer inn under det som definerast som annan utmarksnæring, og der seier forvaltningsplanen at tiltaket skal inngå som ein del av driftsplanen for bruket.

Verneområdestyret gjev ikkje Trygve Aasan løyve til å byggje overnattingshytte på 25 kvm eller vedskjul/utedo på 10 kvm. Grunngevinga er at bygga kommer inn under det som definerast som annan utmarksnæring, og der seier forvaltningsplanen at tiltaket skal inngå som ein del av driftsplanen for bruket.

Verneområdestyret ønskjer likevel sakene til ny handsaming når driftsplan ligg føre, og søkjaren har konkret oversikt over behov for storleik.

2.

Verneområdestyret gjev Trygve Aasan løyve til å grave ned strømkabel med ein lengde på omlag 350 meter etter trasé vist i søknad dagsett 15.06.14.

Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Grøftinga skal skje utan varige synlege terrenginngrep.
- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk vil skje i Seljord kommune.

Avgjerda kan påklagast til Klima- og miljødepartementet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikkje påbegynnast før klagefristen er ute. Klaga rettast til Klima- og miljødepartementet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Etter drøfting fremma styret følgjande fellesframlegg: Verneområdestyret utsetter saka til det er gjennomført synfaring, og til driftsplan for aktiviteten på Kråkeroe ligg føre.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret utsetter saka til det er gjennomført synfaring, og til driftsplan for aktiviteten på Kråkeroe ligg føre.

S 2014/24 Søknad om bygging av hytte ved Sandvatn, gnr. 130 bnr. 9 Sneislia i Tinn kommune, nye teikningar versus rammetillating.Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Med heimel i verneføresegna kap. IV pkt. 1.1 gjev ikkje verneområdestyret Sneislia AS løyve til å føre opp ny hytte som vist i teikningane motteke 01.07.14.

Grunngevinga er at bygget er BYA 9 kvm større enn det styret maksimalt har gjeve rammetillating til.

Avgjerda kan påklagast til Klima- og miljødepartementet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikkje påbegynnast før klagefristen er ute. Klaga rettast til Klima- og miljødepartementet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Etter drøfting kom styret fram til følgjande fellesframlegg:

Verneområdestyret gjev Sneislia AS løyve til å føre opp ny hytte på branntomta ved Sandvatn. Hytta skal vere som vist på teikningar motteke 01.07.14. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta kapittel 4 punkt 2.3.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Restane etter riving og byggjearbeid må fraktas ut av området så skånsamt som mogleg og handsamast etter gjeldande reglar for avfall.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner den nye hytta frå ulike vinklar samt interiør, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til materialbruk og fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4. Taket skal ikkje gje skin, og skal fortrinnsvis vere torv- eller bordtak.
- Byggjearbeidet kan berre skje i perioden juni-november. Likeeins skal byggeaktiviteten stanses dersom det observerast villrein i området.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter plan- og bygningslova vil skje i Tinn kommune.

Søknad om transportløyve etter Lov om motorferdsle må likeeins rettast til kommunen, men må også handsamast av verneområdestyret i eiga sak.

Avgjerda kan påklagast til Klima- og miljødepartementet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikkje påbegynnast før klagefristen er ute. Klaga rettast til Klima- og miljødepartementet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Sneislia AS løyve til å føre opp ny hytte på branntomta ved Sandvatn. Hytta skal vere som vist på teikningar motteke 01.07.14. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta kapittel 4 punkt 2.3.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Restane etter riving og byggjearbeid må fraktas ut av området så skånsamt som mogleg og handsamast etter gjeldande reglar for avfall.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner den nye hytta frå ulike vinklar samt interiør, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til materialbruk og fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4. Taket skal ikkje gje skin, og skal fortrinnsvis vere torv- eller bordtak.
- Byggjearbeidet kan berre skje i perioden juni-november. Likeeins skal byggeaktiviteten stanses dersom det observerast villrein i området.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter plan- og bygningslova vil skje i Tinn kommune.

Søknad om transportløyve etter Lov om motorferdsle må likeeins rettast til kommunen, men må også handsamast av verneområdestyret i eiga sak.

Avgjerda kan påklagast til Klima- og miljødepartementet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikkje påbegynnast før klagefristen er ute. Klaga rettast til Klima- og miljødepartementet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Sak 2014/25 Revisjon av forvaltningsplanen. Gjennomgang av status og framdrift.

Forvaltaren orientera om status og drift. Styret vart einige om at utkast til revidert forvaltningsplan skal sendast ut og diskuterast med grunneigarrepresentantar før den sendast til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning.

Styret blei utfordra på kva slag tiltak styret bør fokusere på i neste planperiode. Det blei konkludera med at rehabilitering av kulturlandskap og skjøtsel av stølsvoller er blant dei viktigaste satsingsområda. Likeeins bør styret sjå på korleis tal beitedyr kan aukast.

Styret konkludera med at det ikkje skal definerast godkjende traktorsleper i landskapsvernområde. Grunngevinga er at det er vanskeleg å definere kriterier for å prioritere kva som er viktige sleper og kva som er mindre viktig.

I revidert plan er det viktig å understreke dei utfordringane villreinen har i Brattefjell-Vindeggen med tanke på aktivitet like på utsida av landskapsvernområdet. Eit døme er den storstilt hyttebygginga inn mot Svinefjell i Vinje. Det er allereie eit stort tal hytter og fleire er under oppføring eller planlagd. Til saman er det snakk om fleire hundre hytter. Det har logisk nok ført til stor auke i trafikken innover i fjellområda, og dei siste 10-15 åra har det ikkje vore villrein på Svinefjell. Med mindre stamma skulle vekse mykje, er det lite truleg at villreinen vil kome attende hit. Styret meiner det er eit paradoks at ein skal gjennomføre ei restriktiv forvaltningsline på ein side av verneområdegrensa, mens det gjevast løyve til storstilt hyttebygging rett på utsida.

Forvaltningsplanen seier litt om offentleg oppsyn og tilsyn, men ingenting om privatrettslege forhold og kven som har rettigheter til å kontrollere dei privatrettslege forhold. Det er viktig at roller og ansvar definerast, og den reviderte planen bør difor seie noko om det. Helst med eit godt døme.